



RETNINGSLINJER FOR SELJE FRIVILLIGSENTRAL



Gjeldane i perioden 2019 - 2020

1. Føremål:

Selje frivilligsentral skal vere ein møteplass for alle, og ein ressurs for/av frivilligheit i lokalmiljøet

Selje Frivilligsentral har som føremål å drive frivilligsentralen i samsvar med

- Vedtekne målsettingar
- Retningslinjer for frivilligsentralar

2. Målsetting

- Leggjje til rette for frivillig arbeid for å sikre eit levande lokalmiljø, der folk møtast, deltek aktivt, samarbeida, brukar evner, utviklar interesse og tar medansvar i ulike delar av den lokale oppgåveløysinga.
- Arbeide for deltaking og breidde i frivillig verksemd, særleg retta mot einsemd, sosial utanforskap, inkludering og folkehelse.
- Vere synlege, imøtekommande og lett tilgjengelege, der terskelen er låg for både å melde seg som frivillig og/eller melde behov.
- Vere ein møteplass for organisert og uorganiserte frivillige
- Leggjje til rette for samarbeid og samhandling mellom enkeltpersonar, grupper, frivillige organisasjonar, det offentlege og andre aktørar.

3. Viktige oppgåver

- Kartleggje kva tilbod og aktivitet ein har i lokale lag, organisasjonar og andre frivillige.
- Kartleggje kvar det er behov for frivillig innsats.
- Synleggjere og leggjje til rette for aktivitetstilbod/frivillig arbeid/innsats.
- Motivere og rekruttere nye frivillige
- Arrangere årsmøte
- Utvikle frivilligsentralen som møteplass og kompetansesenter for frivillig innsats i lokalmiljøet.
- Skape sosiale møteplassar rundt om i heile kommunen for alle aldersgrupper.
- Det skal kvart år utarbeidast ein handlingsplan som legg opp til aktivitetar i tråd med føresetnader og behov i lokalmiljøet. Behova kan komme frå enkeltpersonar, organisasjonar eller andre. Gjeldane for alle aktivitetar er at det skal vere allmennyttig. Aktivitetane i handlingsplanen skal vere i tillegg til lovpålagd offentleg verksemd.

4. Interimstyret

Interimstyret (*frå no av i teksten kalla styret*) er oppretta på bakgrunn av kommunestyret sitt vedtak om oppretting av frivilligsentral, og skal gjelde for 2019 og fram til nytt styre er valt for frivilligsentral i Stad kommune.

Styret består av 4 representantar frå lokale lag og organisasjonar, 2 representantar frå eigar og 3 frå politisk råd/utval. Styret vel leiar og nestleiar. Leiar skal komme frå frivilligheita.

Styret skal utforme og vedta retningslinjer for Selje Frivilligsentral og arrangere årsmøte. Styret er vedtaksføre når halvparten av styremedlemmane er tilstade. Vedtak blir fatta med alminneleg fleirtal. I saker med lik stemmetal har styreleiar dobbelstemme.

5. Organisering

Selje Frivilligsentral er eigd av Selje kommune. Dagleg leiar er tilsett av Selje kommune.

Dagleg leiar har ansvaret for den daglege drifta av frivilligsentralen, og er sekretær i styret.

Styret har ansvaret for aktiviteten og innhaldet i sentralen, og har det overordna ansvaret for at sentralen blir driven i samsvar med gjeldande lovverk, retningslinjer, vedtekter, handlingsplanar og liknande.

Dagleg leiar, styreleiar og nestleiar utgjer arbeidsutvalet som skal samarbeide om utforming av handlingsplan, førebuing av saker til møter og elles andre naudsynte oppgåver delegert av interimstyret.

6. Årsmøte

Styret og Dagleg leiar arrangerer årsmøte for involverte i sentralen og frivillige organisasjonar i Selje kommune. Årsmøtet skal vere eit møtepunkt og ein arena for dialog og samskaping mellom styret/dagleg leiar, frivillige i sentralen og lag og organisasjonar i kommunen.

Årsmøtet skal handsame årsmelding, velje frivillige representantar til styret og valkomite, gje innspel som gjeld handlingsplan for drift og utvikling av sentralen.

Møtet skal haldast innan utgangen av februar.

Innkalling til årsmøtet skjer seinast 4 veker før.

Utkast til årsmelding blir publisert seinast 2 veker før møtet.

Det blir ført protokoll for årsmøte.

7. Økonomi

Selje kommune er arbeidsgjevar for tilsette i frivilligsentralen. Kommunen stiller til disposisjon/ betaler for nødvendig lokale, utstyr og forbruk.

Økonomiske rammer er fastsett i budsjettet, og igjennom øyremerka tilskot for oppretting og drift i 2019. Tilskot frå andre kjelder skal ha eit eige prosjektnummer i kommunen sitt rekneskap og kan disponerast fullt ut av frivilligsentralen.

Økonomiavdelinga fører rekneskapet for frivilligsentralen, som ein del av kommunen sitt ordinære rekneskap.

8. Taushetsplikt

Etter forvaltningslova, paragraf nr. 13, skal styret, dagleg leiar og dei frivillige i frivilligsentralen sine skrivar under erklæring om taushetsplikt.

9. Retningslinjer

Interimsstyret utformar retningslinjene.

Retningslinjene skal behandlast og vedtakast i kommunestyret.

Rådmann har fullmakt til å gjere mindre endringar i vedtektene. Styret skal på førehand gjevast høve til å uttale seg om eventuelle endringar i retningslinjene, og til å fremje forslag om slike endringar.

Retningslinjene til Selje Frivilligsentral skal til ein kvar tid vere i samsvar med retningslinjene for frivilligsentralar gitt av staten.

Retningslinjene er gjeldane til nye retningslinjer for Stad kommune sin frivilligsentral er vedtatt.

10. Nedlegging av Selje Frivilligsentral

Nedlegging av Selje Frivilligsentral skal skje på eit ekstraordinært årsmøte. Årsmøtet kjem med uttale til framlegg. Endeleg vedtak om nedlegging vert gjort av kommunestyret.